



Arkiv: K2-Q14
JournalpostID: 25/13422
Sakshandsamar: Olsen, Knut Helge
Dato: 26.09.2025

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
035/25	Komité næring, miljø og teknikk	01.10.2025
067/25	Kommunestyret	01.10.2025
026/25	Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	30.09.2025

Høringsframlegg verksemdsplan for kommunal veg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret legg plan for verksemdsområde veg ut til offentlig ettersyn frå 1. oktober til og med 26. oktober 2025.

30.09.2025 Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FELFUN026/25 Vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret legg plan for verksemdsområde veg ut til offentlig ettersyn frå 1. oktober til og med 26. oktober 2025.

01.10.2025 Komité næring, miljø og teknikk

Handsaming:

Tilleggsframlegg , foreslått av Tormod Selvik, SP

Det bør lagast ei kort oppsummering med bakgrunn for saka og prinispp for kva som skal vere kommunal veg som vert lagt ut som forklaring saman med høyringa.

Det bør presiserast at veglista er sortert på vegnummer og ikkje område.

Endringsframlegg , foreslått av Peder Johann Ness Tveit, SV

Følgjande endringar vert gjort før offentleg ettersyn:

KV42 og KV 43 Morkavegen - definerast som offentleg funksjon på grunn av Holmedal vassverk

KV 32 og KV 33 Olsetvegen og Nedre Olset - KV 32 til og med HP 931 og KV 33 vert definert som samleveg (rundkøyringa på Olset)

Røysting over tilleggsframlegg og endringsframlegg:

Røysting - samrøystes

Røysting over kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg og endringsframlegg:

Røysting - samrøystes

PNT035/25 Vedtak:

Komiteen sin tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret legg plan for verksemdsområde veg ut til offentleg ettersyn frå 1. oktober til og med 26. oktober 2025.

- Det bør lagast ei kort oppsummering med bakgrunn for saka og prinispp for kva som skal vere kommunal veg som vert lagt ut som forklaring saman med høyringa.
- Det bør presiserast at veglista er sortert på vegnummer og ikkje område.

Følgjande endringar vert gjort før offentleg ettersyn:

- KV42 og KV 43 Morkavegen - definerast som offentleg funksjon på grunn av Holmedal vassverk
- KV 32 og KV 33 Olsetvegen og Nedre Olset - KV 32 til og med HP 931 og KV 33 vert definert som samleveg (rundkøyringa på Olset)

01.10.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Komite for næring, miljø og teknikk , foreslått av Tormod Selvik, SP

Kommunestyret legg plan for verksemdsområde veg ut til offentleg ettersyn frå 1. oktober til og med 26. oktober 2025.

- Det bør lagast ei kort oppsummering med bakgrunn for saka og prinispp for kva som skal vere kommunal veg som vert lagt ut som forklaring saman med høyringa.
- Det bør presiserast at veglista er sortert på vegnummer og ikkje område.

Følgjande endringar vert gjort før offentleg ettersyn:

- KV42 og KV 43 Morkavegen - definerast som offentleg funksjon på grunn av Holmedal vassverk
- KV 32 og KV 33 Olsetvegen og Nedre Olset - KV 32 til og med HP 931 og KV 33 vert definert som samleveg (rundkøyringa på Olset)

Anne Kari Iversen fekk permisjon frå klokka 17.00 og var ikkje med under røysting i sak 067/25

Astri Thorsen Landøy og David Charles Matheson fekk permisjon frå klokka 17.25 og var ikkje med under røysting i sak 067/25

Røysting over komiteen sitt framlegg: samrøystes vedteke

KOM067/25 Vedtak:

Kommunestyret legg plan for verksemdsområde veg ut til offentleg ettersyn frå 1. oktober til og med 26. oktober 2025.

- Det bør lagast ei kort oppsummering med bakgrunn for saka og prinsippp for kva som skal vere kommunal veg som vert lagt ut som forklaring saman med høyringa.
- Det bør presiserast at veglista er sortert på vegnummer og ikkje område.

Følgjande endringar vert gjort før offentleg ettersyn:

- KV42 og KV 43 Morkavegen - definerast som offentleg funksjon på grunn av Holmedal vassverk
- KV 32 og KV 33 Olsetvegen og Nedre Olset - KV 32 til og med HP 931 og KV 33 vert definert som samleveg (rundkøyringa på Olset)

Kva saka gjeld:

Høyringsframlegg om plan for kommunal veg i Askvoll kommune

Saksutgreiing:

Det vert vist til vedlagte plan:

Askvoll kommune har i dag ansvaret for drift og vedlikehald av vel 85 kilometer med veg. Vegane har særs variabel standard, og mykje etterslep i vedlikehald. Tryggingstiltaka langsetter vegane er variable, og har trong for oppgradering og fornying. Vasshandteringa langsetter vegane er i stort mon ikkje dimensjonert for endra i klimatilhøva.

Gjeldande hovudplan for veg er frå 2002. Planen har ikkje ein klårt definert standard for kommunal veg, og driftsnivået verkar å vere sett etter kva som er norm innanfor gruppa av tilsvarande kommunar i KOSTRA, og i mindre grad etter vurderingar av vegane sin tilstand og trafikale behov.

Utfordringane knytt til vegdrifta er i dag, stort sett, dei same som er skildra i planen frå 2002.

I perioden 2020-2024 har kommunen i snitt nytta om lag 50 kroner per løpemeter til drift og vedlikehald av kommunale vegar. Av dette er om lag 63% knytt til vinterdrifta. Då står det at om lag 19 kroner per løpemeter til anna drift og vedlikehald. Dagens behov for drift og vedlikehald utanom vinterdrifta, er i snitt minst 90 kroner per løpemeter.

I Vestland er det utforkøyringsulukker som dominerer statestikken over drepne, og hardt skadde i trafikken. I den grad en finn registrerte trafikkulukker på det kommunale vegnettet i Askvoll, er 50% av desse utforkøyringar. Tryggningsnivået på vegen bør spegle dei behova som er lokalt. I tida frametter bør kommunen etablere ein eins standard for kommunal veg, slik at ein har eit godt utgangspunkt for vurderingar knytt til etterslep og sikkerheitsnivå.